

Til:  
Sogn og Fjordane fylkesting  
c/o Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Adr.: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)

## FRÅSEGN MOT MANGLANDE STATSBUJSJETTMIIDLAR TIL SKREDSIKRING

Regjeringa sitt budsjettforslag er lagt fram og inneheld dessverre ikkje nok midlar til at Sogn og Fjordane kan få realisert si målsetjing om sikring mot skred innan 2040.

Raudt Sogn og Fjordane vil utifrå dette oppfordre fylkesting om å vedta og sende ei slik eller tilsvarande fråsegn til Regjeringa med kopi til stortingsbenken:

*Fylkestinget er gjort kjend med kva løyving statsbudsjettet legg opp til når det gjeld skredsikring her i fylket og uttalar følgjande:*

*Dei siste åra har vi stadig oftare opplevd ras og flaum, både her i Sogn og Fjordane, elles på Vestlandet og i resten av landet. Dokumentasjonen har aldri vore betre. Talgrunnlaget har aldri vore meir solid. Ny teknologi har aldri vore meir tilgjengeleg.*


*Dette har fått store samfunnsmessige konsekvensar, med stengde vegar og øydelegging av store verdiar. Mange innbyggjarar opplever stadig angst og frustrasjon. Eit ukjend tal arbeids dagar og skuledagar er gått tapt. Sjuketransport og brann- og redningsberedskap blir utfordra.*

*Det er på tide at regjeringa og Stortinget tar denne utviklinga på enno større alvor. Det er gjort gode kartleggingar som viser behovet for sikringstiltak både på fylkes- og riksvegar. I 2015 kostnadsrekna Statens Vegvesen behovet i vårt fylke til om lag 14 milliardar kroner. Etter kva vi forstår inneheld statsbudsjettet 2019 ein lovnad om berre 349 millionar (208 av desse til fylkesvegane). Litt forenkla kan ein hevde at det vil ta 40 år for å dekke det kartlagde behovet her i fylket.*

*På denne bakgrunnen ber fylkestinget om at stortingsbenken arbeider for eit statsbudsjett som gjer at dei kartlagde behova for sikringstiltak kan gjennomførast innan 2040, dvs. at midlane må doblast.*

Vi ber om tilbakemelding om fylkestinget si avgjerd når det gjeld innspelet vårt.

Raudt Sogn og Fjordane

  
Ingunn Kandal, fylkesleiar

Kopi til: Gruppeleiarane